



Referat frå kommunemøte mandag 27. april

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Fylkesmannen, kommunane, helseføretaka, fylkeskommunen v/tannhelsetenesta, Sivilforsvaret og KS

Ikkje til stade: Austevoll kommune og Eidfjord kommune

1. Informasjonssaker

Vidare møte

Frå og med neste veke (veke 19) vert det eitt møte i veka. Møtet vert torsdagar kl. 13.30 – 14.30. Fylkesmannen vil sende ut ei oppdatert møteinnkalling.

1. mai markering

Vi legg til grunn at dei førebelse retningslinjene for 17. mai markering òg kan leggast til grunn ved gjennomføring av 1. mai markering. Retningslinjene finn de her:

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/17.-mai-ma-feirast-annleis-i-ar/id2697964/>

Regjeringa seier at det komande mandag (4. mai) vil kome ei nærmare rettleiing om 17. mai-arrangement.

Karantenereglar

Bergen kommune tok i førre veke opp ei problemstilling knytt til frykt for misbruk (ulovleg utnytting) av unntaksregelen for karanteneplikt for personar som reiser inn til landet frå Sverige og Finland (jf. § 6 i covid-19-forskrifta). Det går ikkje tydleg fram av forskrifta at unntaket gjeld for personar som er busett i eit av dei to landa, og Bergen kommune har mistanke om at folk frå andre land brukar Sverige og Finland som transittland for å unngå karantene.

Fylkesmannen sendte problemstillinga vidare til Helsedirektoratet (Hdir). Svaret frå Hdir ligg som vedlegg.

Direktoratet presiserte i svaret at for at det skal kunne gjerast unntak frå karanteneplikta, må personen det er snakk om ha bustad i Sverige eller Finland. Hdir understreka at forsettleg eller grovt aktlaus brot på reglane i Covid-19-forskriften kan straffast med bøter eller fengsel inntil 6 månader. Fylkesmannen tilrår at kommunane tar kontakt med politiet viss dei får mistanke om misbruk.

Bergen kommune understreka i møtet at det er viktig at Fylkesmannen forsikrar seg om at Politidirektoratet er samd i Helsedirektoratet si tolking, og at dei to direktorata har ei felles forståing av korleis dette skal følgjast opp. Bergen kommune seier at det er viktig at problemstillingar som dette vert avklart på direktoratsnivå, og ikkje på kommunalt nivå.

2. Interkommunalt samarbeid knytt til covid-19

Fylkesmannen har ved fleire høve oppmoda om samarbeid på tvers av kommunegrensene for å møte utfordringane knytt til covid-19. Fleire kommunar har mellom anna har valt å gå saman for å opprette



koronasenger. Sveio kommune deltek i eit slik samarbeid og kommunalsjef for helse og omsorg, Ingunn Toft, orienterte om dette (sjå nedanfor).

Fylkesmannen oppmodar om at kommunar som ikkje allereie deltek i slike samarbeid vurderer om det er kan vere aktuelt å gjere det same.

Orientering frå Sveio kommune

Sveio kommune, med litt over 5000 innbyggjarar, såg tidleg at det ville vere krevjande å løyse utfordringane knytt til covid-19 åleine. Kommunen gjekk difor tidleg saman med Tysvær (over 10 000 innbyggjarar) og Bokn (under 1000 innbyggjarar), for å sjå om dei saman hadde eit felles grunnlag for å handtere utfordringane.

Torsdag 18. mars vert dei samde om å gå saman om å lage ei felles koronaavdeling.

Det vert gjort tiltak ved ei sjukeheim i Sveio som gjorde at ein fekk lagt til rette for ein avdeling med 14 sengeplassar. Det vert tilsett ein avdelingsleiar for å styre drifta og lage tilpassa planverk. Kommunane var samde om at ingen skulle tene pengar på avdelinga, og det vart bestemt å dele kostnadane knytt til tilbodet (personalkostnadar m.v.) etter folketal.

Kommunane var litt redde for at det ikkje ville vere tilstrekkeleg mange tilsette som kunne tenkje seg å jobbe på ei slik avdeling, men det viste seg å ikkje vere eit problem. For å avgrense risikoen for smittespreiing og belastning på helsetenesta generelt, vart det bestemt å innføre lange vakter. Avdelinga har tilsette frå alle tre kommunar. Det vart òg oppretta eigen legeberedskap, for å unngå å overbelaste det ordinære legesamarbeidet.

Det har til no ikkje vore nokon innlagt på avdelinga. Kommunane har henta mykje gode erfaringar frå nabokommunar og Helse Fonna, og det gjer at dei er godt budd viss noko skulle inntrefte.

Avdelinga skal ta imot pasientar som er stadfesta smitta av covid-19, og som det er forsvarleg å flytte. Det kan til dømes vere at smitta pasientar i terminalfasen ikkje vert flytta inn i avdelinga. Helse Fonna har stadfesta at dei har kapasitet til å støtte med å flytte pasientar. Når pasientane er friske vil dei bli flytta ut av avdelinga.

Det er eit samarbeid med kommunane Etne og Vindafjord, som òg har oppretta eit interkommunalt samarbeid om koronasenger. Avtalen er at den sjukeheimsavdelinga som først får pasientar, vil kunne ta opp til fem personar frå det andre samarbeidet. Det vil bidra til å redusere kostnadane knytt til drift (unngå ei lite føremålstenleg ordning der det til dømes er to pasientar i kvar avdeling) og til etableringa og avviklinga av drifta igjen. Kommunane har sett at dei er meir robuste saman.

Kommunane er veldig nøgd med å ha fått til eit godt samarbeid, og deler gjerne sine erfaringar med rutinar, prosedyrar og anna som dei har utarbeidd. Viss det er andre kommunar som ønskjer å vite meir om samarbeidet, kan dei kontakte Ingunn Toft på e-post ingunn.toft@sveio.kommune.no.

3. Informasjon om webinar – Erfaringar frå Gullstøltunet sjukeheim

Torsdag 7. mai kl. 12.45 organiserer Fylkesmannen eit webinar for institusjonsleiarane ved sjukeheimane. På møtet vil institusjonsleiar Eva Marie Lim dele sine erfaringar frå smitteutbrot ved Gullstøltunet sjukeheim.



Invitasjonen til webinaret finn de her: <https://www.fylkesmannen.no/nn/vestland/kurs-og-konferansar/2020/05/informasjonsmote-om-erfaringar-med-utbrot-av-covid-19-pa-sjukeheim/>

4. Ferieavvikling og behov for vikarar

Fleire kommunar har den siste tida uttrykt ei uro for ferieavviklinga i helsetenestene, sidan dei ser at det kan vere krevjande å få inn vikarar. Tysnes kommune viste til at dei har fått beskjed om at vikarbyråa ikkje vil sende vikarar, viss vikarane må i 14 dagars karantene før dei kan setjast i arbeid.

Helse Bergen viser til at Tysnes kommune kan ta kontakt med dei (e-post til randi-luise.mogster@helse-bergen.no), for å sjå om dei kan få tilgang til vikarar gjennom det etablerte ressursregisteret.

Det er òg oppretta ei nasjonal ressursordning som kommunane kan be om tilgang til viss dei har behov for helsepersonell. Meir informasjon om den nasjonale ordninga finn de her:

<https://www.helsedirektoratet.no/tema/beredskap-og-kriehandtering/koronavirus/okt-behov-for-helsepersonell-under-koronavirusutbruddet>

Fylkesmannen ser at dette er eit viktig tema for mange av kommunane, og vil difor kom tilbake til dette på eit kommunemøte i starten av mai.